



# Frivillig i Fjord

Frivilligstrategi

2026 - 2032



Fjord kommune

# Strategien kort fortalt



*Strategien er forankra i Kommuneplanen sin samfunnsdel og Levekårsplanen*

Frivilligheita spelar ei viktig rolle i Fjord. Den kan ikkje vedtakast, men det kan leggest til rette for alle som skapar ein betre kvardag for menneske rundt seg. Deltaking i frivillige aktivitetar fremmar god folkehelse, og bidreg til sosial berekraft ved å sette fokus på fellesskap og korleis vi saman kan løyse større samfunnsutfordringar som utanforskap og inaktivitet.

Kommuneplanen sin samfunnsdel sitt hovudmål 1 – Vidareutvikle det gode livet – fokuserer på samspelet som må vere på plass for at vi skal vidareutvikle oss som samfunn. Dette blir tydeleg forsterka i Levekårsplanen der førebygging vert det viktigaste vi skal arbeide med i tida framover. Strategien er ein viktig del av Levekårsplanen.

Føremålet med strategien er å lage gode rammer for korleis vi, saman med frivillige, kan bygge eit inkluderande og levande samfunn der alle får høve til å bidra.



## Strategiske grep

1. Gjere det enklare å vere frivillig
2. Styrke og ta vare å frivilliglivet
3. Opne for deltaking og samarbeid

# Utfordringsbildet

## Bakgrunn

Frivillig og offentlig sektor har ulike roller i samfunnet, men eit felles mål om eit godt, trygt, engasjerande og inkluderande lokalsamfunn.

Kommunen har to viktige roller ovanfor frivillig sektor

- Legge til rette for og støtte ein sjølvstendig frivillig sektor, som har stor verdi i seg sjølv
- Legge til rette for samarbeid med frivillig sektor (Folkehelseleva)

Fjordsamfunnet står overfor utfordringar knytt til økonomi, levekår og endringar i befolkningssamsetning. Dette er utfordringar som fordrar godt og systematisk arbeid internt i kommunen, og samhandling med frivillig sektor. Strategien skal legge til rette for dette, og ivareta at også frivilligheita er i endring.

## Samskaping og dialog

Frivilligheita er i stadig utvikling, på lik linje med samfunnet elles. Uorganisert frivilligheit vert ein større del av frivilligheita framover. Fleire ønsker å delta i frivillig arbeid i periodar, knytt til for eksempel engasjement for ei oppgåve, og ikkje som fast medlem i ein organisasjon. Den organiserte frivilligheita, beståande av frivillige lag og organisasjonar, står framleis sterkt blant innbyggjarane våre, i alle aldersgrupper.

Frivilligheita lever av lyst og døyr av tvang. Det er viktig å verdsette frivilligheita sitt bidrag i lokalsamfunnet og forstå frivilligheita sin eigenverdi.

Det er frivilligheita som er ekspert på frivillig innsats, lokal mobilisering og engasjement. Kommunen vil legge til rette for å auke frivillig sektor sin medverknad i samhandling med kommunen.


Å gjere noko aktivt, sosialt og meningsfullt styrkar menneska si psykiske helse. Dugnad og frivillig arbeid bidreg til levande lokalsamfunn og trivsel blant innbyggjarane. Det skal vere kjekt og enkelt å drive frivillig aktivitet i Fjord. Kommunen skal vere støttespelar og leggje til rette for at lag og organisasjonar kan utøve frivilligheit til det beste for lokalsamfunnet og enkeltpersonar.

# Føremål med frivilligstrategien



Føremålet er å skape betre vilkår for alle som engasjerer seg i frivillig arbeid. Strategien skal hjelpe kommunen og frivilliglivet til å drage i same retning, slik at vi får meir aktivitet, sterkare fellesskap og eit varmare lokalsamfunn.

Vi vil gjere det lettare å vere frivillig, sørge for gode rammer og støtteordningar, og legge til rette for at fleire kan delta. Strategien skal vere eit verktøy som gjer samarbeidet enklare, kvardagen betre og bidra til at frivillig innsats blir sett og tatt vare på.



# Verdigrunnlag



I Fjord har vi eit godt og utviklingsorientert samarbeid mellom kommune og frivillig sektor.

## Frivilligstrategien er utvikla frå gjeldande verdiar:

- Opne dører – Alle skal kjenne seg velkomne
- Likeverd – Frivillige og kommunen er partnarar
- Mangfald – Vi verdset ulike bakgrunnar, alder og erfaring
- Fellesskap – Vi bygg sterkare band mellom folk



# Handlingsplan 2026

Tiltak	Ansvarleg	Medverkande
<b>Ei dør inn</b>		
Avklare overordna kontaktpunkt	Leiargruppa	
Avklare kulturkontakt-funksjon på einingane	Leiargruppa / einingsleiarar	
Må gjerast kjent internt og eksternt	Leiargruppa / einingsleiarar	Alle tilsette
<b>Synleggjering arrangement</b>		
Vurdere infoskjermar i alle bygdene	Leiargruppe	Må avklare mulegheitsrom, kostnad, drift, alternativ
Vurdere fast felles-annonsering i SN	Kultur	Storfjordnytt
Kalender meir synleg på heimesida	Kultur	
Lage facebook-side «Kva skjer i Fjord»	Seniornett	
<b>Vidareutvikle felle møtearenaer</b>		
Utvikle frivilligforum til praktisk samhandlingsforum	Frivilligsentralane	Ressursgruppa for frivilligsentralane
Dialog mellom frivillige og kommunale einingar	Leiargruppa / einingsleiarar	Frivillige
<b>Utvikle modell for samspel</b>		
Avklare roller og ansvar	Leiargruppa	Arbeidsgruppa
Definere behov for samarbeid	Einingsleiarar	
Praktisk bistand ved behov på kommunale einingar - systematikk	Helse og omsorg	